Fylkesmannen
i Sogn og Fjordane

Ureiningstilsyn
Inspeksjonsrapport

Sakshandsamar: Gøsta Hagenlund
Telefon: 57 64 31 21
E-post fmsfgh@fylkesmannen.no

Vår dato
17.12017

Vår referanse
14/4410
Rapportnummer
2016.070.I.FMSF

Tenden Miljø as, avd. Stryn

Kontroll ved Tenden Miljø as, avd. Stryn - krav om retting av avvik – gebyr

Rapporten omhandlar funn som kontrolløren kunne observere eller på annan måte fekk kjennskap til under tilsynet. Funn vert omtalt som *avvik* frå krav i ureiningslova med forskrifter, *merknader* om forbetringspunkt eller *andre forhold* som kan vere viktig å omtale nærare. Rapporten omtalar også stadfesting av kontrollgebyr. Dersom de meiner det er faktiske feil i teksten, må de melde frå innan to veker. Etter dette reknar vi rapporten som endeleg.

Hovudfunn frå kontrollen
Fylkesmannen påviste 2 avvik frå ureiningsregelverket og ga 3 merknadar under tilsynet.

Avvik:

- Verksemda har mangelfull internkontroll som gjeld det ytre miljøet
- Verksemda har ikkje dokumentasjon på at dei har tilstrekkeleg kompetanse for handtering av farleg avfall

Merknadar:

- Verksemda må sikre at dei berre leverer avfall til godkjent mottakar
- Det var lagra mange einingar med faremerker for farlege kjemikal
- Verksemda har lagra store mengder avfall pakka for energiutnytting i ytterkant (sørside) på anlegget

Funna er nærare omtalt i del 6 og 7 nedanfor og rettleiing om dykkar oppfølging er nærare omtalt i del 3 nedanfor. Vi ber om attendemelding på retting av avvik innan 17.2.2017.

Med helsing

Nils E. Yndesdal
fylkesmiljøvernsjef

Gøsta Hagenlund
Kontrollør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift

Kopi av rapporten vert sendt til:
Stryn kommune

1. Informasjon om verksemda:

Stad (namn på anlegg): **Stryn Miljøpark** Ansvarleg verksemd: **Tenden Miljø as, avd. Stryn**	Verksemdnr.: **976 505 328** Eigd av: **976 484 770**
Kontaktperson: **Olav Tenden eller Severin Eilertsen**	Anleggsnr. og anleggsaktivitet: **1449.007.07 og 1449.0011.01**
☐ ISO 14001-sertifisert ☐ EMAS-registrert	Løyvedato og internt nr.: **4.7.2001, 2001.182.T**
Risikoklasse: **3**	Gebyrsats etter § 39-6 i ureiningsforskrifta (jf. utsleppsløyvet): **12 500,-**

Verksemda handterer ordinært og farleg avfall for næringsliv og farleg avfall for hushaldningar etter avtale med Stryn kommune via Nomil iks. Verksemda har utfordringar med oppleving av luktulempe i nabolag. Denne kontrollen var gjennomført som ei oppfølging av tidlegare kontroll.

2. Bakgrunn for kontrollen frå ureiningstilsynet

Fylkesmannen skal jamleg føre tilsyn med verksemder i Sogn og Fjordane som har eit ureiningspotensial eller produserer eller handterer avfall. Denne kontrollen vart gjennomført den 23.11.2016 for å granske om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av ureiningslova vert haldne. Kontrollen vart gjennomført ved gransking av dokument (skriftlege og elektroniske), ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde i praksis.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Internkontroll (ytre miljø)
  - Oversikt lov/forskrift
  - Risikovurdering
  - Årleg handlingsplan
  - Ansvar
  - Avvikshandtering
  - Årleg gjennomgang
- Utsleppskontroll til luft
- Støy
- Løyvet med vilkår
- Avfallsforskrifta, spesielt kap.:
  - kap. 11 (om farleg avfall)
- Handtering ordinært avfall
  - avfall frå andre
- Handtering farleg avfall
  - avfall frå andre

Vi gjer merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og setje i verk nødvendige tiltak.

Definisjonar
Avvik. Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrollova, forskrifter til lovene,

utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)
Merknad. Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknadar kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak.
Andre forhold. Saker som kom fram under kontrollen og som er nyttig for verksemda å kjenne til. Her kan også inngå kommentarar til tema som vart omtalt, men som ikkje inngikk i denne kontrollen.

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd. Verksemda må også gå nøye gjennom merknadane og vurdere kva for tiltak som er aktuelle og nødvendige for å tilfredsstille krav etter HMS-lovgivingane. Merknader kan gje grunnlag for pålegg (vedtak om tiltak som må gjennomførast).

Vi ber om at de **innan 17.2.2017** melder attende per e-post (til fmsfpost@fylkesmannen.no) eller skriftleg korleis avvik er retta, og om det er gjennomført tiltak på bakgrunn av merknadar. Vi ventar at de legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto. Dersom de meiner at det ikkje let seg gjere å rette opp avvika innan den nemnde datoen, må de skriftleg gjere greie for årsaka *før* fristen for attendemelding.

Vi gjer merksam på at de kan finne oversikt over miljøloverket på www.lovdata.no eller vist til frå www.miljodirektoratet.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn de på nettstaden www.regelhjelp.no. Reglane om gebyrinnkrevjing finn de under kap. 39 i ureiningsforskrifta.

Orientering om tvangsmulkt
Dersom verksemda ikkje gjev tilbakemelding innan fristen, kan Fylkesmannen varsle tvangsmulkt til Staten. Vedtak om tvangsmulkt vert nytta for å sikre gjennomføring av tiltak, og vi ønskjer å unngå å måtte be om inndriving av forfallen tvangsmulkt.

4. Gebyr for kontroll med verksemd med utsleppsløyve

Vi viser til omtalen under kontrollen, og vedtak om utsleppsløyve datert z. Plasseringa av verksemda i risikoklasse 3 vil seie at verksemda etter gjeldande sats 3 i § 39-6 i ureiningsforskrifta skal betale eit gebyr på kr. 12 500,- til Staten for den gjennomførte kontrollen. Miljødirektoratet vil seinare sende ut faktura for innbetaling til statskassa.

5. Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

6. Avvik

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

Avvik 1 **Verksemda har mangelfull internkontroll som gjeld det ytre miljøet**

Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5

Kommentarar:
Pkt. 1. Verksemda har ikkje tilstrekkeleg oversikt over lovkrav som er særleg viktige. Verksemda kjenner ikkje godt nok til regelverket for farleg avfall. Det vart påvist at verksemda må kjenne betre til – og såleis kunne dokumentere, at ein etterlever krav i, vedlegg 4 til kap. 11 i avfallsforskrifta. Verksemda må syte for at kompetanse til handtering av "speilmerkt" avfall (jf. vedlegg 1 til kap. 11 i avfallsforskrifta) er tilstrekkeleg.

Pkt. 6. Verksemda har ikkje gjennomført tilstrekkeleg kartlegging av risiko når det gjeld ytre miljø. Verksemda må kartlegge og vurdere fare for utslepp av lukt betre, og må omtale risiko når det gjeld handtering av farleg avfall meir omfattande.

Pkt. 7. Verksemda har nokre manglar i rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på ureiningsregelverket. Verksemda må vurdere korleis ein handterer "speilmerkt" avfall – der det kan vere tvil om klassifisering. prosedyre 8.0 (Prosedyre for påverknad av ytre miljø) må oppdaterast og omtale reelle situasjonar ved dette anlegget, m. a. arbeidet med reduksjon av fare for lukt.

Pkt. 8. Verksemda kan ikkje dokumentere at det skjer ein tilstrekkeleg systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen. Verksemda har m.a. ikkje systematisk opplegg for gjennomføring av brannøving, og har ikkje gjennomført årleg brannøving – som også er krav til i vilkår 8.3 i utsleppsløyvet.

<u>Informasjon</u>
Fylkesmannen er kjend med at det er oppretta kontakt med representantar for naboar for å kunne identifisere betre karaktertrekk, hyppigheit og bakgrunn for utslepp av lukt. Vi har i ettertid sett gjennom delar av internkontroll-dokumenta, og ser fram til neste formelle kontakt der de kan orientere om arbeidet og erfaringar med etterleving.

Avvik 2 **Verksemda har ikkje dokumentasjon på at dei har tilstrekkeleg kompetanse for handtering av farleg avfall**

Avvik frå: Utsleppsløyve 6.1.2012, vilkår 3.5

Kommentarar:
Verksemda kan ikkje dokumentere at verksemda til ei kvar tid har tilgjengeleg person med tilstrekkeleg kompetanse om rett handtering av farleg avfall. Plan for korleis kompetansen skal haldast vedlike og aukast kunne ikkje leggast fram. Verksemda har ikkje formelt knytt til

seg ekstern kompetanse som kan gje forsvarlege råd om handtering av farleg avfall når det er tvil om rett handtering

Informasjon
Verksemda har kartlagt kompetanse om handtering av farleg avfall, og har lagt godt til rette for systematisk vedlikehald og heving av kompetansen. Verksemda har god kontakt med aktuelle tilsette ved fleire av dei større, nasjonale mottaksanlegga for farleg avfall, og spør også nasjonale kompetansemiljø som NORSAS og NFFA om råd. Korleis de vil formalisere noko nærare samarbeidet med ekstern kompetanseperson eller –firma, må verksemda sjølv avgjere. Det er ikkje krav om at formell kjemikompetanse (som skal bidra til å sikre rett handtering av farleg avfall ved verksemda) må skje ved tilsetting av person.

7. Merknader

Følgjande tilhøve ga grunn til merknadar under kontrollen:

Merknad 1 Verksemda må sikre at dei berre leverer avfall til godkjent mottakar

Kommentarar:
Med "godkjent mottakar" meiner ein verksemd som har løyve frå Fylkesmannen eller Miljødirektoratet til handtering av avfall. Andre mottakarar er etter kap. 11 i avfallsforskrifta definert som transportør, og Tenden Miljø har ansvar for avfallet fram til de mottar dokumentasjon på levering til godkjent mottakar.

Informasjon
Verksemda kan framleis nytte eksterne transportørar, men har då ansvaret for at avfallet vert handtert rett fram til godkjent mottakar overtek.

Merknad 2 Det var lagra mange einingar med faremerker for farlege kjemikal

Kommentarar:
Verksemda meinte oppbevaringseiningane (vesentleg 200 l fat) var motteke som tørre og tomme, men kunne ikkje vise til om dei hadde kontrollert tilstrekkeleg om det kunne vere restar av farlege kjemikal. Fylkesmannen gjer merksam på at det skal lite til før ev. restinnhald må tømmast frå og handterast som farleg avfall (nedre grense er på 1 kg – og det gjeld den samla leveringa, ikkje den enkelte eining). Verksemda bør difor ha ein dokumentert rutine for å sikre at eininga anten er tom, eller at restinnhaldet vert handtert forsvarleg.

Merknad 3 Verksemda har lagra store mengder avfall pakka for energiutnytting i ytterkant (sørside) på anlegget

Kommentarar:
Mengd pakka og lagra på denne måten er lovleg og innafor rammene i utsleppsløyvet. Avfallet vert heller ikkje lagra lenger enn tillate i løyvet. Lageret kan likevel vere ein av fleire ukjente kjelder til diffuse luktutslepp.

Verksemda mottar i periodar klage på lukt til nabolag. Luktoppleving skjer uregelbunden og stadvis i nabolaget. Det er både tvil og usemje om omfang, styrke og årsak til luktutslepp. Fylkesmannen vil vise til at det på kontrolldagen ikkje var luktoppleving på eller ved anlegget. Vi vil likevel merke at lukt under visse omstende kan føre til luktoppleving i nærområde som ligg lågare enn verksemda.

Tidlegare har det vore påvist samanheng mellom lagringstid og handtering av ikkje-sortert avfall. Desse utfordringane (og brot på løyvet) er vesentleg redusert, eller så å seie fjerna som årsak til lukt.

Årsakene til utfordringane med luktutslepp no er ikkje kjent. Både Fylkesmannen og kommunen mottar melding om luktopplevingar frå naboar, medan verksemda i mindre grad no får direkte melding frå nabolaget. Det gjer det i seg sjølv svært vanskeleg for verksemda å følgje opp, prøve å finne årsaker til eventuelle diffuse luktutslepp og tiltak for å redusere faren for utslepp.

Verksemda må vurdere om lagring av avfall for energiutnytting kan vere ein årsak til mogeleg luktutslepp, og det kan gjerast tiltak for å redusere faren.

Informasjon
Vi er kjent med at verksemda og representantar for nabolaget seinare har teke nærare kontakt og har dialog for å finne årsaker til diffuse luktutslepp.

8. Andre tilhøve

Verksemda har utfordringar i høve til det ytre miljøet. Verksemda gir no inntrykk av å vere svært opptatt av betre driftsforhold. Anlegget var på kontrolldagen så ryddig som ein kunne vente av denne type verksemder. Det var fuktig, relativt stille og meir enn 4 000 tonn avfall var lagra. Det var ikkje mogeleg å kjenne urimeleg lukt på eller ved anlegget på kontroll-dagen.

Internkontroll til verksemda har ikkje vore tilfredsstillande. Verksemda er samd i at omlegging og utbetring av internkontrollen er nødvendig. På kontrolldagen gav verksemda god orientering om dette arbeidet. Vi vil streke under at internkontrollen må omfatte ytre miljø, og at eit aktivt avvikssystem er ein god garanti for å verte betre på alle område som vert omfatta av forskrifta.

Verksemda har vore noko hyppig følgt opp dei seinare åra. Vi meiner forholda er under god betring, men at det framleis er nødvendig med noko tett oppfølging. Vi ber verksemda spesielt om å utarbeide ein god årsrapport som skal sendast til Fylkesmannen på vanleg måte, men som også kan vere grunnlag for å informere nabolaget om dykkar aktivitet og innsats for det ytre miljøet i 2016.

9. Informasjon til verksemda

I tillegg til gjennomføring av kontrollen, vart det gitt informasjon om

- Avfallsforskrifta, spesielt kap. 11

10 Dokumentgrunnlaget

Lovgrunnlaget for kontrollen er:

1. Ureiningslova (lov 13.3.1981 om vern mot forurensninger og om avfall). Særleg viktige reglar er § 7 om plikt til å unngå ureining og tiltaksplikt dersom ureining oppstår, § 20 om tiltak ved driftsstans, § 28 om forbodet mot forsøpling, § 32 om plikt til å levere næringsavfall til godkjent mottak og kap. 6 om akutt ureining. Merk også at brot på ureiningslova er straffbart etter reglane i §§ 78 og 79.
2. Ureiningsforskrifta (forskrift 1.6.04 nr. 931 om begrensning av forurensning). Særleg viktige reglar er kap. 36
3. Avfallsforskrifta (forskrift 1.6.04 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall). Særleg viktige reglar er kap. 11
4. Internkontrollforskrifta (forskrift 6.12.96 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter, *med vekt på ytre miljø*
5. Utsleppsløyve dagsett 4.7.2001

I tillegg har vi sett på og vurdert:

1. Eigenrapport til FMVA (årleg)
2. Eigen internkontrolldokumentasjon.
   a. Risikoanalyse/r
   b. Handlingsplanar innan HMS
   c. Avviksrapportar og eigen oppfølging
3. Deklarasjonsskjema farleg avfall
4. Nedskrivne rutinar og eigen oppfølging av desse. Vi har spesielt sett nærare på
   a. Utskrift av vernerunde som viser at ytre miljø også vert sett på
   b. Risikoanalyse av handtering av farleg avfall
   c. Oppstarta handlingsplan for forbetringspunkt for ytre miljø
   d. Prosedyre for mottak av farleg avfall
   e. Overordna beredskapsplan og instruks ved oppdaga akutt ureining
   f. Påstarta oversikt over kompetanse
5. Tidlegare kontrollrapport 2.12.2014